



Eik Arkitektur & Design AS
Wernersholmvegen 31
5232 PARADIS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/660 - 17/10904

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

31.05.2017

Godkjenning for deler av tiltaket - GBNR 42/22 - igangsetting for grunn- og betongarbeid og røyrleggjararbeid - Eikeland

Administrativt vedtak. Saknr: 146/2017

Tiltakshavar:

Harald Skogheim

Ansvarleg s kjar:

Eik Arkitektur & Design AS

S knadstype:

S knad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Eik Arkitektur & Design AS har p  vegne av tiltakshavar, Harald Skogheim, s kt om igangsettingsl yve for grunn- og betongarbeid og r yrleggjararbeid i samband med oppf ring av fritidsbustad p  gbnr. 42/22, Eikeland. Vi viser til s knad med vedlegg, journalf rt motteke 22.5.2017.

Fl ysand VA AS har s kt om l yve til tilkopling til kommunalt vassverk og til utslepp via slamavskiljar, jf. s knad med vedlegg, journalf rt motteke 7.2.2017 og 2.3.2017.

Det vart gitt dispensasjon fr  arealformålet landbruk, natur og friluft i Utval for drift og utvikling sitt m te den 2.9.2014. Rammel yve er gitt administrativt i vedtak 367/2017, datert 12.12.2014.

VURDERING:

Nabovarsling:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Bes ksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Tiltaket er nabovarsla i samband med søknad om dispensasjon og rammeløyve, jf. pbl § 21-3. Søknad om igangsettingsløyve inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

Lov- og plangrunnlag:

Det følgjer av pbl § 21-4 tredje ledd at løyve etter plan- og bygningslova kan delast opp i rammeløyve og igangsettingsløyve. Igangsettingsløyve «*kan ikke gis før vilkår i rammetillatelsen er oppfylt, ansvarsrett er tildelt og kontrollomfang er avgjort (...). Igangsettingstillatelse kan deles opp.*»

I rammeløyve datert 12.12.2014 vart det stilt følgjande vilkår:

1. *Tiltaket kan ikkje setjast i gong før igangsettingsløyve ligg føre.*
2. *Før det vert gjeve igangsettingsløyve må det omsøkast og gjevast løyve til privat avlaupsløysing.*
3. *Før det vert gjeve igangsettingsløyve må det omsøkast og godkjennast tilkopling til kommunal vassforsyning. Det må dokumenterast rett til bruk av private stikkleidningar eller rett til å føre leidningar over framand grunn fram til tilkoplingspunkt til kommunal vassforsyning.*
4. *Seinast saman med søknad om igangsettingsløyve må det sendast inn målestokkhaldig situasjonskart som viser kotehøgder for topp overkant grunnmur og topp mønehøgde.*

Vassforsyning:

Det er søkt om tilknytning til offentleg vassanlegg via privat leidningsnett.

Eigar av den private vassleidninga, Robert Bringeland, John Johnsen og Elisabeth S. Hillestad, har samtykka til tilkopling, jf. erklæring datert 28.4.2016. Tilkopling til offentleg vassanlegg via privat nett er dermed sikra privatrettsleg, jf. pbl § 27-1.

Avlaup:

Det er søkt om utslepp via en 2 m³ slamavskiljar og derifrå i tett leidning til eksisterande privat avlaupsleidning som går ut i sjø. Slamavskiljaren skal tømmast av båt med slamsuging, på lik linje med naboeigedomane.

Elisabeth og Trygve Hillestad har gitt løyve til plassering av avlaupsleidning over gbnr. 42/37, samt tilkopling til eksisterande privat avlaupsleidning, jf. erklæring datert 2.3.2017. Eigar av gbnr. 42/8, Ingrid og Svein Eikeland, har gitt løyve til plassering av avlaupsleidning som omsøkt over eidedomen, jf. erklæring datert 4.1.2017. Plassering er dermed privatrettsleg sikra etter pbl § 27-2.

Slamavskiljaren skal plasserast minimum 4 meter frå nabogrensa, jf. pbl § 29-4 andre ledd.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan journalført motteke 22.5.2017, vedlagt søknaden. Ansvarleg føretak i byggesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl kapittel 23.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for grunn- og betongarbeid og røyrleggjararbeid, i samsvar med søknad med vedlegg journalført 22.5.2017.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsende erklæringar og gjennomføringsplan journalført 22.5.2017, jf. pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.

Meland kommune gjev, i medhald av forskrift om begrensing i forureining § 12, løyve til utslepp i samsvar med søknad journalført 2.3.2017, på følgjande vilkår:

- *Avlaupet skal gå via slamavskiljar på 2 m³ av godkjent type.*
- *Frå slamavskiljaren skal avlaupsvatn førast i tett leidning og knytat til tidlegare etablert privat avlaupsleidning som går til sjø.*
- *Slamavskiljar skal plasserast slik at den kan tømmast frå båt med slamsuging, og minst 4 meter frå nabogrensa.*
- *Kvittering for tømming skal sendast til kommunen.*

Meland kommune godkjenner at eigedomen vert tilknytt kommunalt vassanlegg på følgjande vilkår:

- *Tilknyttinga skal skje på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.*
- *Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn, jf. kommuneforlaget.*
- *Tilknytting skal skje i kum. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.*
- *Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen om det.*
- *Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ, der tilknytingsgebyret for vatn er kr 20 000,- + mva.»*

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert

kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart

Kopi til:

Fløysand Va AS
Harald Skogheim

Fløksand 5918
Våganeset 21 5106

FREKHAUG
ØVRE ERVIK

Mottakere:

Eik Arkitektur & Design AS

Wernersholmvege 5232
n 31

PARADIS